

Are Areklett Garmann  
Hillandsvegen 60  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9901 - 20/39790

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)

Dato:  
29.06.2020

## Førebels svar på søknad - gbnr 134/24 Hilland

**Tiltak:** Endring av godkjend garasje med takterrasse  
**Byggjestad:** Gbnr: 134/24  
**Tiltakshavar:** Are Areklett Garmann

Vi viser til søknad søknad om endring av garasje på gbnr 134/24 som er journalført mottatt 18.05.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Det omsøkte tiltaket gjeld endring av gitt løyve til oppføring av garasje datert 11.07.2012. Tiltaket er ikke avslutta med ferdigattest. Garasjen er delvis oppført og har byggehøgd som er omlag 1,0 meter høgare enn godkjend.

Omsøkt tiltak viser endra byggehøgd, etablering av leskur og drivhus på garasjetaket, rekksverk og endra tilkomst til takterrassen via trapp mellom terrasse på bustad og takterrase på garasje.

### Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknadar:

#### Kart og teikningar

Avstand til nabogrense og plassering av trapp må påførast situasjonsplanen. Alle tiltak må førast på takplanen og målsetjast. Målestokk på teikningane må gjevast opp.

#### Avstand til nabogrense

Når garasje og bustad er bygd saman med trapp vert garasjen å rekna som eit tilbygg til bustaden. Dette medfører at avstand mellom garasje og nabogrense skal vera minst 4,0 meter

Då avstanden til nabogrense er mindre enn 4,0 meter må det hentast inn samtykke frå eigar av naboeigedomen, eller søkjast om og leggja føre vedtak om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4, før tiltaket kan godkjennast.

#### Førebels vurdering

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen vurderer etter ein førebels gjennomgang av søknaden at endring av tiltaket i forhold til byggjehøgd og plassering av trapp kan godkjennast når tilleggsdokumentasjon som vist til ligg føre. Vi er skeptisk til etablering av leskur og drivhus slik det går fram av teikningsdokumentasjonen. Tiltaket framstår som vesentleg endra i forhold til det som tidlegare er omsøkt i forhold volum og høgde.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.08.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innlasting av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

M. 11

Vedlegg: [Galleri](#) [Lokaler](#) [Bruksanvisning](#) [Hjelpefil](#) [Om](#) [Logg ut](#) | 104/24

Konjiki

Kopit till: Åke Arcklott-Garmann Hillandsvägen 69 581 11 ALVERSUND

Mottako

Molnåkvarn  
Are Areklett Garmann Hillandsvegen 60 5911 ALVERSUND